

## **Referat frå møte i Utstillingskomiteen 8/11-2020 Kl 1000 på messenger.**

Til stades: Vera Schølberg, Dag Christer Lie, Thor Hallgrimsen, Synnøve Kalleklev

Møtet vart gjort via videomøte i messenger.

Referent: Synnøve Kalleklev

### **Sak 1: Nytt medlem og info om dagens personell situasjon.**

- Synnøve Kalleklev er ny som medlem i utstillingskomiteen. Vi er no 4 medlemmar og ser fram til å kunne arbeide saman.

### **Sak 2: Valg av referent , muligens på permanent basis.**

- Synnøve får i oppgåve å vere referent då vi ser dette som tenleg.

### **Sak 3: Fordeling av arbeidsoppgaver fremover.**

- Thor vil lage rapport frå utstillinga i Trondheim og Vera vil lage frå Misvær utstillinga. HU vil dei samkjøre om.
- Sidan desemberutstillinga vert avlyst ser vi at årsrapport kan gjennomførast før planen - altså før nyttår.
- Øvrige oppgaver kjem fram i referatet.

### **Sak 4: Tilbakerapportering til komiteen fra utførende lokal avdeling/klubbkontakt.**

### **Sak 5: Lokal avdeling/klubbkontakt godkjenning av tiltak og plan for lokalt gjennomført utstilling.**

- Sak 4 og 5 går under eitt.
- Utstillingskomiteen vil lage ein rammepakke/oppskrift til lokal avdeling/klubbkontakt til framtidige utstillingar då vi veit at det er dei lokale som sit på ressursar vi ikkje treng å bruke tid på. Det vere lokale, ringsekretærar, skrivarar, oppvaring osv.
- Utstillingskomiteen må kunne vere med å godkjenne vala dei lokale avdelingane tek, her er det viktig at dialogen er tett og rammepakka/oppskrifta vi gir frå oss er grei å halde seg til.
- Vi må kontakte dei ulike lokale avdelingane/klubbkontaktene og komme med datoar som vi ser på som aktuelle, der dei då må sjekke om dei kan gjennomføre ei utstilling. Dersom nei, vert det ikkje gjennomført utstilling der.
- Ei utstilling bør planleggast 2 år fram i tid.
- Kvar lokal utstilling må ha ei arbeidsgruppe som er med på å planlegge. (t.d Hadeland er flink til samarbeid med andre hundeklubbar slik at dei kan dele på ressursane dei har)

### **Sak 5: Fordeling av arbeidsoppgaver på lenger sikt.**

- |  |             |
|--|-------------|
| ● Dommer booking                         | Utføres Av: |
| ● Ringsekretær/skriver booking           | Utføres av: |
| ● Øvrig Personell                        | Utføres av  |
| ● Booking av lokaler/sted                | Utføres av: |
| ● Vedlikehold av utstillinger Dogweb     | Utføres av: |
| ● Premier og sponsing:                   | Utføres av: |
| ● Promotering av utstillinger            | Utføres Av: |
| ● Sørge for nettbasert katalog:          | Utføres av: |
| ● Trykking av katalog og annet materiell | Utføres av: |
| ● BESPISNING av personell                | Utføres av: |

- Sosialt opplegg på utstillinger for dommere personell og evt utstillere Utføres av:
- Matriell ansvarlig Telt ol. Utføres av:
- Denne saka ser vi at vi ikkje får gått igjennom i dag, og vil sjå på det individuelt til neste gang.

### **Sak 6: Juleutstillingen 2020**

#### **Da reservedommer har trukket seg pga Covid og vi vil slite litt med Covid generelt hva gjør vi videre?**

- Dersom det kjem ytterligare innstramningar, så er det ikkje mogleg å gjennomføre utstillinga. Det kjem til å komme nye vedtak over helga.
- Vera sjekker om evt hallen kan vere ledig 13.-14. mars og om at vi kanskje kan utsette utstillinga til då.
- **Vi kjem til å avlyse juleutstillinga då vi ser at det er det tryggaste for alle no.** Aktivitetsavgift vert evt trekt ifrå då dette skal til NKK. Vi som klubb kjem ikkje til å behalde noko.

### **Sak 7: HU 2021 Hva skal vi legge opp til i tillegg til utstillingene?**

- Det blir utstilling både fredag, laurdag og søndag.
- Vi startar fredag morgon med utstilling og held fram utover dagen med bruksaktivitetar, samt kursing.
- Vi kjem til å bruke den dommaren som ikkje fekk dømme i fjor, Barbra Thornley.
- Joanne Hardy vil dømme fredagen.
- Desse to damene kjem til å halde kurs om både pelsstell og avl.
- Vi veit at vi har fleire i sheltiemiljøet som driv med bruksaktivitetar og vil gjerne bidra til å få samla alle. Då vi har erfart at dei tre bruksaktivitetane agility, rallylydnad og lydnad samla sett er eit større arrangement enn vi kan få til, er eit godt forslag å ta kontakt med hundeklubb i nærmiljøet. Der ein kan kjøre offisiell rallylydnad, agility og lydnad stemne som ein då kan kjøre poengsystem over dei shelties som deltek der. Då får vi samla alle sheltiefolk på same overnattingsplass og alle får delta på det dei er mest interessert i.
- Evt vil vi gjerne komme med forslag om å rullere på dei ulike bruksaktivitetane der vi har fokus på ein aktivitet eine året og ein av dei andre det neste året osb.
- Vi vil i 2021 begrense oss til rallylydnad som vil starte fredag ca kl 16, etter utstilling fredagen.
- Synnøve tek kontakt med Caroline i aktivitetskomiteen og gir info om at dei kan starte planlegging av rally fredagen.

### **Sak 8: Dommer på utstilling i Ålesund 2021, Lokalt ønskes Engelsk dommer , men det var ikke vår opprinnelig plan, tanker rundt dette.**

- Noreg er mest sannsynlig i Covid tid endå, og då kan det vere stor sjanse for at utanlandske dommarar er usannsynlige. Alt må planleggast "som om og dersom".
- Thor sjekker lista til NKK for dommarar og vi går for opprinnleg plan, men kjem til å ha t.d. Caroline E Mauseth i bakhovud då ho er eit godt alternativ til Engelsk dommar og er godt kjent med rasen.

### **Sak 9: Dommere generelt i 2021 , skal vi fortsette å booke inn de som ikke fikk dømme i 2020.**

- Thor kjem til å sjekke med dei dommarane som var satt opp i 2020 for å sjekke om dei kan stille i 2021.